

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i 1958.

Noreg var med i den 3. ekstraordinære og den 13. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, og likeins i ei rekkje andre mellomfolkelege samrådingar. Norsk militært personell har gjort teneste i den observatørgruppa Dei sameinte nasjonane sende til Libanon. Avdelingar av Hæren på om lag 500 mann gjer framleis teneste i den vaktstyrken Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda.

Regjeringa har arbeidd vidare med å få Sambandsrepublikken Tyskland til å gje skadebot til tidlegare politiske fangar.

Noreg var med i den konferansen om folkeretten på havet som Dei sameinte nasjonane skipa til i Genève i februar — april.

Kulturavtalane med Sovjet-Samveldet og med Israel har teki til å gjelda, og Noreg har òg skrivi under ein kulturavtale med Polen.

Noreg heldt fram å ta aktivt del i tingingane om å skipa eit europeisk frihandelsområde. Drøftingane har enno ikkje ført til noko resultat. Sammarknaden mellom Beneluxlanda og Frankrike, Italia og Sambandsrepublikken Tyskland byrja å verka den 1. januar 1959. I slutten av året vart den norske krona gjort konvertibel til dollar samstundes med dei fleste andre vesteuropeiske valutaer. I samheng med dette steget mot friare valutaomveksling vart Den europeiske beta-

lingsunionen oppløyst og Den europeiske valuta-avtalen gjort gjeldande.

Det mellomfolkelege samarbeidet elles på det økonomiske området er ført vidare. Det gjeld òg den fredelige bruken av atomenergien.

Det er slutta ei rekkje handelsavtalar, bl. a. ein ny tre-års handelsavtale med Sovjet-Samveldet.

Den internasjonale konvensjonen frå 1954 om å hindra oljesøl i sjøen tok til å gjelda 26. juli 1958.

Arbeidet held fram med å tilpassa Forsvaret etter dei hovudretningslinjer som Stortinget fastsette i 1957. Men den snøge militærtekniske utviklinga gjer det stendig meir naudsynt å tilpassa målsetjing og organisasjon etter dei krav tida set.

Utviklinga av dei kjernefysiske våpna ber i seg ein revolusjon når det gjeld sivilforsvaret. I det vidare arbeidet blir det lagt vekt på å byggja opp sivilforsvaret i samsvar med dei krav ein no må setja til det.

Folkemengda var 3 541 000 pr. 1. januar 1959, eller om lag 1 prosent høgre enn året før.

Etterspurnaden etter arbeidskraft var mindre enn i åra før. Talet på arbeidslause auka. Ved utgangen av november var det sysselsett 12 250 færre lønsmottakarar enn eit år tidlegare. Sysselsetjinga gjekk mest ned i industrien. Elles var utviklinga som før merkt av minkande sysselsetjing i jordbruk og lønt husarbeid. Sysselsetjinga i varehandel har auka berra litt for året under eitt. I sjøtransport og i offentleg og privat teneste-yting

var auken derimot meir markert. Sysselsetjinga i byggje- og anleggsverksemd har alt i alt legi på om lag same nivået som i 1957.

Den samla produksjonen av varer og tenester gjekk ned med snautt 1 prosent etter førebels oppgåver. Det meste av nedgangen kom av lågare produksjon i industri, fiske og fangst.

Førebels oppgåver over v a r e b y t e t m e d utlandet viser at innførsla utanom skip kom opp i vel 7,1 milliardar kroner, eller noko over 550 mill. kr. mindre enn året før. Verdet av vareutførsla utanom skip er førebels rekna til nesten 5,2 milliardar kroner, eller vel 300 mill. kr. mindre enn i 1957. Både for innførsla og for utførsla kjem det meste av verdene- gangen av lågare prisar. Det er gjort vedtak om å avskipa Norsk Brenselimport A/S som vart skipa i mai 1940 for å greia med kol- og koks-forsyninga i Noreg. Nettoinnførsla av skip steig med vel 1 000 mill. kroner. Netto- valutafraktene for norske skip i utanriks- fart var 675 mill. kr. mindre enn året før. Det var eit underskott på driftsbalansen med ut- landet på ikring 1 300 mill. kr. mot eit over- skott i 1957 på 150 mill. kroner.

Avlingane i j o r d b r u k e t var noko min- dre enn i 1957, men fruktavlinga vart større enn noko år før. Husdyrproduksjonen var alt i alt litt lågare enn i 1957.

I s k o g b r u k e t er det i hogsttida 1957— 58 etter eit førebels overslag avverka om lag 7,7 mill. kbm bartretømmer til sal. Det er 700 000 kbm mindre enn i same tidbolken 1956—57.

Årsfangsten i f i s k e t er førebels rekna til vel 1,2 mill. tonn. Det er 344 000 tonn mindre enn i 1957 og 756 000 tonn mindre enn i re- kordåret 1956. Det var først og fremst vin- tersildfisket som slo feil, men også størjefis- ket og brislingfisket kasta mindre av seg enn året før.

Vinninga av kvalfangsten vart mykje mindre enn i førre fangstbolken. Pro- duksjonen av kval- og spermolje gjekk ned med om lag 150 000 fat.

Noreg har funni å måtta gå til ein vilkårs- bunden oppseiing av sin medlemsskap i den internasjonale konvensjonen frå 1946 om re- gulering av kvalfangsten.

Produksjonen i bergverk, industri og kraftverk gjekk ned med om lag 3 prosent. Nedgangen var større i utførsle-indu- strien enn i heime-industrien. I utførsle-in- dustrien var det sterkast nedgang ved herme- tikkfabrikkane, sildoljefabrikkane, ferroleger- ingsverka og i treforedlingsindustrien. Ru- jern, stål- og valseverka og aluminiumsverka auka produksjonen. I heime-industrien var nedgangen størst i tekstilindustrien, klednads- industrien og trevare- og møbelindustrien.

Elektrisitetsproduksjonen var om lag 27,5 milliardar kWh, eller vel 6 pro- sent høgre enn året før.

Byggje- og anleggsverksemda hadde alt i alt om lag same omfang som i 1957. Det vart bygd ferdig om lag 26 000 husvære, og 24 500 vart sette i arbeid. Den vanlege anleggsverksemda viste noko ned- gang. Det vart gjevi omframløyvingar til of- fentlege anleggsarbeid slik at anleggsverk- semda alt i alt vart om lag like stor som året før.

H a n d e l s f l å t e n auka med vel 1 mill. bruttotonn og var på 9,6 mill. bruttotonn ved årsskiftet. Om lag 65 prosent av tilgangen var tanktonnasje. Kontraheringane stogga opp. I året vart det kansellert ein del kontrakter som var gjorde tidlegare. Fraktene var låge, og i slutten av året låg norske skip på om lag 500 000 bruttotonn i opplag.

D e n i n n a n l a n d s k e s a m f e r d s l a har framleis auka, sett under eitt. Auken har vori størst i flytrafikken. Det var òg større

rutebiltrafikk. Men trafikken med jernbanene gjekk noko tilbake.

Talet på innreiste utlendingar gjekk sterkt opp.

Levekostnadene steig. Levekostnadsindeksen gjekk opp med om lag 5 prosent, det meste kom av at dei offentlege pris-tilskotta på matvarer vart reduserte. Engrosprisnivået låg i årsmedeltal litt lågare enn i 1957.

Dei samla private inntektene av arbeid og kapital gjekk ned med ikring 3 prosent. For sjølvstendige næringsdrivande utanom jordbruk, skogbruk og fiske var inntektsnedgangen omlag 16 prosent. Bøndene auka inntektene sine noko, men fiskarane hadde mykje mindre inntekt enn året før. Dei samla nominelle inntektene til lønsmottakarane auka i alt med om lag 4 prosent; det meste som ei fylgje av dei vidfemnande tariffoppgjera og indeksreguleringane. Denne auken vog likevel ikkje opp prisstigingane, og realinntektene til lønsmottakarane gjekk difor noko ned.

Det private forbruket gjekk ned med om lag 1 prosent.

Det offentlege forbruket auka med om lag 1,5 prosent.

Bruttoinvesteringa i fast kapital gjekk opp med om lag 6 prosent, det aller meste kjem av den store auken i skipsinvesteringane. Varelagra viste ein nedgang som er rekna til ikring 250 mill. kroner.

Målet for penge- og kredittpolitikken var på alle viktige punkt ubrigda. Men for å motverka dei tendensane til stagnasjon i den økonomiske aktiviteten som gjorde seg gjeldande gjennom året, vart det gjennomført visse lempingar i penge- og kredittpolitikken. Statens samla verksemd førde med seg ei monaleg likviditetsinndraging. Denne inndraginga vart i nokon mon motverka ved likviditetstilførsel gjennom verksemda åt

Noregs Bank. Likviditeten åt bankane var noko mindre enn før.

Staten tok opp innanlandske lån for vel 500 mill. kroner. Dei utanlandske låneoptaka var på 125 mill. kroner.

Statens budsjettrekneskap for 1957—58 er oppgjord med eit underskott på 195 mill. kroner. Både inntekter og utgifter syner stiging frå terminen før.

Den finansielle stoda til kommunane er framleis stort sétt god. Mange kommunar fekk tilskott til budsjetta frå skatteutjammingsfondet med til saman om lag 74 mill. kr.

Alkoholforbruket og talet på drukken-skapsmisferder har haldi seg på om lag same nivået som året før. Alkoholistforsorga og opplysningsverksemda om alkoholspørsmålet er vidare utbygd.

Tilhøva er lagde til rette for å byggja ut kommunal heime-sjukerøkt ved tilskott frå staten og trygdekassene.

Gjennom lovendingar er ytingane betra i ei rekkje av dei trygdeordningar vi no har. Den nye lova om yrkesskadetrygd frå 12. desember 1958 tek til å gjelda 1. januar 1960.

Helsetilstanden i landet har vori bra. Det har i år vori fleire tilfelle av poliomyelitt enn i dei to førre åra. I alt er det meldt vel 200 tilfelle av denne sjukdomen, av dei bortimot $\frac{2}{3}$ i Nord-Noreg. Vaksinasjonen mot poliomyelitt har møtt stor interesse, og staten har gjevi gratis vaksine til å vaksinera speborn og skoleborn. Heller ikkje i 1958 er det meldt om noko tilfelle av difteri. Krinslaup-sjukdomar og kreft er framleis dei vanlegaste dødsårsakene hjå den vaksne delen av folket, medan ulykker er den dominerande dødsårsaka mellom born. Talet på dødsfall i spebarnalderen heldt seg nokså ubrigda i

høve til fjoråret. Nedgangen i talet på nye tilfelle av tuberkulose held fram, men tuberkulosen er enno den mest utbreidde av dei alvorlege smittsame sjukdomane.

I 1958 er talet på plassar auka med 357 i sinnsjukehus, med om lag 100 i psykiatriske pleieheimar, og med om lag 250 i åndsveikeheimar.

Det er no om lag 955 prestestillingar i kyrkja. Av dei krigsherja kyrkjene og kapella i Nord-Hålogaland bispedøme er 13 oppattbygde og 3 i arbeid.

Elevtalet auka i alle skoleslag.

Utbygginga av yrkesskolane held fram; 7 har fått nytt skolebygg og 7 andre har fått tilbygg. Fire andre skolar er under bygging.

Lærlinglova vart sett i kraft for to nye fag, og gjeld no for 49 handverks- og handverksliknande fag, 10 grupper innan dei industrielle metallfaga og tre andre industri-fag. Lova gjeld no i alle kjøpstader og i 73 andre kommunar.

Ved lærarskolane er det teki opp 52 nye klassar, mellom dei ein 3-årig forsøksklasse med musikk som spesialfag. Elevtalet er nesten 3300, det høgaste ein nokon gong har hatt.

I spesialskolane er det skaffa plass til 241 nye elevar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar er i alt ca. 7300, dvs. om lag 1300 fleire studentar enn året før. Både Noregs tekniske høgskole og dei medisinske fakulteta tok opp fleire studentar enn før.

På same tid var det 2800 norske studen-tar i utlandet, 300 fleire enn året før.

Arbeidet held fram med å byggja ut dei akademiske institusjonane slik at dei betre kan løysa dei oppgåvene som ligg føre i forskning og undervisning. Lærartalet er auka

monaleg, serleg ved Universitetet i Oslo og ved Noregs tekniske høgskole. Mellom dei byggjetiltak som er i gang eller vil koma i gang i nær framtid kan nemnast Elektroavde-linga, Geologisk institutt, Institutt for gruvedrift og Sentralbygget ved Noregs tek-niske høgskole, vidare nybygg for Noregs Lærarhøgskole, universitetsbiblioteket i Ber-gen, og Odontologisk institutt i Bergen og i Tromsø. Under detaljplanlegging er bygg for det historisk-filosofiske fakultet i Oslo, for Noregs Handelshøgskole og for mikrobiologi, farmakologi og hygiene i Bergen. Ved univer-siteta og Noregs Lærarhøgskole har det vori sommarsemester for lærarskolekandidatar som vil kvalifisera seg for undervisning i realskolen og andre vidaregåande skolar. I året fekk 78 kandidatar slutteksamen i engelsk, biologi, fysikk og matematikk. Ved Noregs tannlækjarhøgskole har 80 odonto-logar med utanlandsk eksamen fått tilleggs-utdanning.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde i desember om lag 29 000 låntakarar med ein samla lånesum på ca. 130 millionar kroner. Det er ein auke frå året før på 25 millionar kroner.

Arbeidet med å betra lydartilhøva går etter planen, og i heile landet vil det om ikkje lenge vera gode mottakartilhøve for lydkring-kasting. Utbygginga av fjernsynet går òg etter planen, slik at ein kan rekna med regu-lære sendingar frå 1960.

Riksteatret gav i 1957—58 811 framsynin-gar med eigne turnéar og med samarbeids-turnéar frå andre teater, hertil kjem 100 dokketeaterframsyningar.

Riksgalleriet hadde utstillingar i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Rogaland, Vest-Agder og Buskerud, på i alt 125 stader med bortimot 900 omvisingar og kultur-kveldar.

Statens Teaterskole har no 25 elevar.

Den norske operaen tok til med verksemda hausten 1957 med ballettframsyningar i Hedmark, Oppland og Sør-Trøndelag. Den fyrste operaframsyninga blir i Oslo i februar 1959.

Det har vori ei utvida forbrukaropplysning, bygd på ei meir omfattande varegransking. Det er gjort opptak til nordisk samarbeid om forbruksgransking og -opplysning.

Det frie opplysningsarbeidet er i god vokster med foredragsverksemd, studieringar,

kveldskurs og instruktørkurs. Folkeakademia skipa til i alt 2700 foredragskveldar. Talet på studieringar har auka til 5600.

Av overskottet i Norsk Tipping A/S vart det til vitskaplege formål delt ut 24,4 millionar kroner og til idrettsformål 8,6 millionar kroner.

Arbeidet med å byggja ut idrettsanlegg og skaffa rom for det frie kulturarbeidet går jamt framover. Spørsmålet om å få reist samfunnshus er teki opp på om lag 900 stader.

Gjevi på Oslo slott 9. januar 1959.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern
